



Universiteit
Leiden

The Netherlands

Menneskerettane som grunnleggjande verdier i undervisninga - konsekvensr for moralundervisning

Ijzendoorn, M.H. van

Citation

Ijzendoorn, M. H. van. (1989). Menneskerettane som grunnleggjande verdier i undervisninga - konsekvensr for moralundervisning. *Norsk Pedagogisk Tidsskrift*, 1989(4), 260-275. Retrieved from <https://hdl.handle.net/1887/1424>

Version: Not Applicable (or Unknown)

License: [Leiden University Non-exclusive license](#)

Downloaded from: <https://hdl.handle.net/1887/1424>

Note: To cite this publication please use the final published version (if applicable).

260 Menneskerettane som grunnleggjande verdiar i undervisninga – konsekvensar for moralundervisning¹

Av Marinus H. van IJzendoorn

I denne artikkelen vil eg vise 1) at menneskerettane er grunnleggjande verdiar i undervisninga og må betraktast som målsettingar i den pedagogiske prosessen, 2) at undervisning bør ha som utgangspunkt ein teori om korleis barn utviklar innsikt i menneskerettanes grunnleggjande karakter og 3) at ei moralundervisning med sikte på å stimulere barns forståing av menneskerettar bør betraktast som undervisning i politikk, og bør vere ein ufråvikeleg del av skolens pensum

Eg vil gjerne begynne med eit ganske kjent moralsk dilemma som viser kor viktige menneskerettane er for oppsedinga. Det er eit eksempel på eit dilemma der retten til liv og retten til eigedom tilsynelatande står i strid med kvarandre, og der det krevst ei løysing som let seg rettferdiggjere. Dilemmaet skriv seg frå

arbeidet til utviklingspsykologen og pedagogen Lawrence Kohlberg (1984), og er slik

Ei kvinne ein stad i Europa var døden nær av ein svært alvorleg sjukdom, ei spesiell form for kreft. Det fanst ein einaste medisn som legane rekna med kunne redde henne, ei form for radium som nyleg var oppdaga av ein farmalog i same byen. Medisinen var dyr å framstille, men farmakologen kravde ti gonger meir enn det kosta han, han betalte 200 for radiumet og tok 2000 for ein liten dose av medisinen. Mannen til den sjuke kvinna, Heinz, gjekk til alle han kjende for å låne pengar, men han greidde ikkje å reise meir enn omkring 1000, som var halvparten av det det kosta. Han sa til farmakologen at kona hans låg for døden og bad han selje medisinen billegare eller la han få betale seinare. Far-

makologen sa «Nei, det var eg som oppdaga medisinen, og eg skal tene pengar på den » Heinz blei desperat og braut seg inn hos mannen for å stele medisinen til kona si Burde han ha gjort det?

Dette dilemmaet ligg på det personlege nivå av rettar og plikter for individuelle subjekt Men vi kan lett generalisere det til det politiske nivå, til konflikhtar mellom institusjonar eller system Vi kan for eksempel tenkje oss at Heinz og den døyande kona hans representerer mennesker frå eit fattig land i den tredje verda, som ikkje er i stand til å produsere dei dyre medisinarne som kan kurere ein dødeleg og kanskje epidemisk sjukdom Eit rikt vest-europeisk land kan framstille medisinen i store mengder, men på grunn av monopolstillinga si og krava til «fri handel» mellom land lar dette landet produsentane få høve til å forlange store summar for medisinen, og det viser seg at det fattige landet ikkje kan betale Kva bør så gjerast for å redde livet til dei fattige menneska, etter at alt er gjort for å freiste å løyse konflikten mellom dei to landa på en fredeleg måte, men utan at nokon av partane er villige til å gi seg?

Slike spørsmål er vesentlege for demokrati som har undertekna erklæringa om menneskerettane, og som derfor bør inspirerast av menneskerettane i behandlinga av slike moralske/politiske problem Alle opplyste menneske i eit demokrati bør vere i stand til å sjå kva grunnleggjande menneskerettar som står på spel i slike dilemma, og bør som minimum kunne forstå korleis problemet kan løysast prosessuelt Menneskerettane gir ikkje form for relativistiske løysingar, det vil seie løysingar som er avhengige av kva spesi-fikk gruppe, klasse eller kultur ein hører til Menneskerettane peiker

mot universelle løysingar Menneskerettane gir heller ikkje rom for assymetriske løysingar, der rettar og plikter blir ulikt fordelte ut frå mak-tomsyn

Kva framgangmåte bør ein så følge for å nå fram til ei symmetrisk og universell løysing på dilemmaet til Heinz? Kohlberg (1973) følger Rawls tanke om *utgangsposisjonen*, og innfører ein metode som kan kallast «den moralske stol-leiken» Han foreslår at moralske dilemma kan løysast ved at vi tar på oss rolla til kvar deltakar, rekonstruerer deira legitime rettar og plikter, og så finn ut kven sine rettar som burde vinne dersom ein måtte avgjere det utan å vite kva posisjon ein sjølv og dei andre deltakarane reelt ville inneha Som Rawls (1971) har vist, vil ein rasjonell person innta posisjonen til den minst privilegerte, i dette tilfellet kona til Heinz, og prøve å maksimere minimumsutfallet for denne personen Det vil seie Fordi det står om livet for kona til Heinz, vil alle rettferdige løysingar på problemet omfatte ein ubetinga rett til å redde livet hennar Derimot vil i dette tilfellet farmakologens rett til eigedom ha mindre vekt, sjølv om eigedomsretten generelt er ein av dei grunnleggjande menneskerettane

Rawls argumenterer frå utgangsposisjonen til ei gruppe menneske som prøver å bli samde om ein kontrakt til regulering av samhandling og til fordeling av rettar og plikter seg imellom, og viser at menneskerettane absolutt bør betraktast som grunnleggjande både for samfunnet som heilskap og for undervisningssystemet Dersom menneske skal leve saman med det som mål at alle skal ha gode høve til å overleve og oppnå optimal tilpassing, og dersom dei ikkje vert noko om si eiga framtidige stilling i det nyoppretta samfunnet,

vil dei la menneskerettane regulere samvirket seg imellom, ut frå det syn at desse rettane vil gi dei minst privilegerte høve til å overleve på eit minimumsnivå av menneskeleg verdighet, og dermed sikre deira vilje til å samarbeide Rawls (1971) viser at deltakarane i utgangsposisjonen vil bli same dei følgjande rekkje av prinsipp og rettar

1 Kvar einskild skal ha lik rett til den mest omfattande heilskap av grunnleggjande fridom som let seg sameine med eit tilsvarande system av fridom for alle

2 Sosiale og økonomiske ulikskapar skal vere ordna slik at dei er både a) til størst mogleg nytte for dei minst privilegerte og b) knytte til verv og posisjonar som er opne for alle på vilkår av like moglegheiter

Det første prinsippet er hierarkisk høgare enn det andre Dette impliserer at fridom berre kan avgrensast av fridommens eiga skuld, det er ikkje tilstrekkeleg om avgrensingar av grunnleggjande fridommar kan fremje økonomisk velferd (Rawls 1971, s 302) Den generelle ideen er at alle sosiale primærgode – fridom og like moglegheiter, inntekt og helse og grunnlaget for sjølvrespekt – skal vere likt fordelte, med mindre ei ulik fordeling av eit eller fleire av desse goda vil vere til fordel for dei minst privilegerte (Rawls 1971, s 303) Dersom du står i utgangsposisjonen, og du ikkje veit kva slags person du vil bli i det verkelege samfunnet, vil du prøve å oppnå semje om samarbeidsprinsipp som maksimerer utsiktene for dei minst privilegerte posisjonane, fordi du risikerer å måtte innta ein slik posisjon sjølv I så fall ville du ønskje å ha grunnleggjande rettar og fridommar, slik at du kunne føle deg som eit menneske og skape deg minimumsvilkår for eit utbytte-rikt og meningsfullt liv Utan slike

grunnleggjande menneskerettar kan ein ende i ei gruppe av slavar (antikens Hellas) eller som «Untermenschen» (Hitler-Tyskland) Deira liv er berre eit middel til å fremje velferda for den herskande gruppa, ikkje eit mål i seg sjølv (Kant), noko som blir understreka i dei grunnleggjande menneskerettane

Dilemmaet til Heinz kan løysast universelt og ikkje-relativistisk ved at vi tek avgjerd frå ein utgangsposisjon der ingen kjenner si eiga framtidige rolle eller posisjon Dersom du ikkje veit om du vil ende som Heinz, som kona hans etter som farmakologen, vil du ønskje å maksimere utsiktene til den minst privilegerte – for det kunne jo tenkjast å bli deg! Løysinga burde altså vere at Heinz bør stele medisinen, fordi dette fører til minst tap for eit individ som kunne hamne i alle rollene Du vil jo i alle tilfelle ønskje å forhindre at du mistar livet Dersom du var farmakologen, og det var ditt liv som stod på spel, ville du også velje retten til livet framfor retten til eigedom Å ta på seg rollene til alle deltakarane vil føre ein fram til ei fullt ut reversibel og universell løysing, akseptabel for alle som er i stand til å tenkje seg vekk frå det livet dei faktisk lever (Kohlberg 1984)

Den kognitive utviklings-teorien om moralsk utvikling

Korleis skal vi lære menneske opp til å løyse moralske og politiske dilemma på ein universell og rettferdig måte? For å svare på spørsmålet må vi vite korleis barns tenking omkring moralske dilemma utviklar seg, og kva mekanismar vi kan påvise som stimulerer eller blokkerer denne utviklinga mot ei genuin forståing av

det grunnleggjande ved menneskeretane. Kohlberg begynte i 1955 ei undersøking av ei gruppe på omkring 70 barn i alderen 10 til 16 år. Han følgde denne gruppa i meir enn tjue år, og med jamne mellomrom stilte han dei spørsmål om reaksjonane deira på ulike moralske dilemma. Svara blei underkasta ein kompleks analyse (Kohlberg m fl 1976). Han undersøkte om, og i så fall korleis, heteronom moralsk tenking utvikla seg til autonom moralsk tenking. I 1930-åra hadde Piaget (1934) allereie konstatert at dei fleste barn gjenomgår ei utvikling frå heteronom åtferd, bestemt av vaksne og av ytre reglar, til autonom åtferd, bestemt av reglar som er bevisst aksepterte og internaliserte. Kohlberg oppdaga også ei slik utvikling, og i tillegg kunne han trekkje opp den generelle utviklingslinja meir detaljert. Utviklingsdiagrammet hans inneheld dei tre velkjende nivåa for moralsk tenking, kvart med to undernivå.

I *Det pre-konvensjonelle nivå* undernivå 1

«godt» er det som fører til minst risiko for straff («straffeorientering»)

undernivå 2

«godt» er det som tilfredsstiller egne behov («naiv instrumentell hedonisme»)

II *Det konvensjonelle nivå* undernivå 3

«godt» er det som skaper harmoniske relasjonar mellom menneske («flink gut og snill jente-moral»)

undernivå 4

«godt» er det som tener den eksisterande ordninga («orientering mot autoritet og konvensjonar»)

III *Det post-konvensjonelle nivå* undernivå 5

«godt» er å halde oppe gjensidige ret-

tar og plikter som er «kontraktfesta» («utilitaristisk kontraktperspektiv») undernivå 6
«godt» er å handle i samsvar med potensielt universelle verdiar («universalistisk moral»)

Eg vil beskrive dei tre nivåa slik

I *Det før-konvensjonelle nivå* På dette nivået består svaret på kva som er rett i eit moralsk dilemma vanlegvis i å vise til rådande reglar, oppfatta som ei slags naturens jernlov, og til konsekvensane av å bryte desse reglane. Mål og motiv har ikkje noko å seie. Dersom det føreligg risiko for straff utan tilstrekkeleg kompensasjon, vil dette bestemme den endelege avgjerda.

II *Det konvensjonelle nivå* På dette nivået er moralsk åtferd det same som å følge og oppretthalde reglane og forventningane til den gruppa ein høyrer til. På eit seinare stadium blir dette gruppeperspektivet utvida til å omfatte perspektivet på samfunnet som heilskap. Målet er da aktivt å halde oppe den herskande sosiale orden, med alle dei reglar og forventningar som høyrer til. På dette andre nivået er det ikkje lenger eit egoistisk motiv om å unngå straff og andre negative konsekvensar for ein sjølv som spelar størst rolle, men sjølve lojaliteten til eins eiga gruppe og til samfunnet som heilskap.

III *Det post-konvensjonelle nivå* Moralsk åtferd er å handle i samsvar med generelle, universelle prinsipp, verdiar og normer. Desse prinsippa er baserte på ei generell forplikting på rett og velferd for våre medmenneske. Ei moralsk forskrift bør vere universell, det vil seie prinsipielt akseptabel for alle den vedrører. Ein inntek synsvinkelen til eit rasjonelt individ, abstraherer frå det sosiale systemet som tilfeldigvis er det

rådande, og tenkje over kva avgjerd alle kunne vere samde om dersom det ikkje var klart kva posisjon kvar ein-schild deltakar stod i

Her ser vi antyda ein formell prosedyre som kan peike mot universelle prinsipp og avgjerder. Slektskapen med Kants kategoriske imperativ er tydeleg. Kant går også ut frå at ei korrekt avgjerd berre er oppnåeleg via eit tanke-eksperiment der ein spør seg sjølv om eins eigen leveregel kan opphøgast til ei universell lov (Kant 1961)

Stadie-teorien

Frå utgreininga om Kohlbergs teori ovanfor kunne ein dra den konklusjon at han egentleg ikkje gjorde stort meir enn å gjennomføre halv-strukturerte intervju med barn i ulike aldrar og registrere reaksjonane deira overfor moralske dilemma. Reaksjonane blei så klassifiserte under visse kategoriar, som deretter fekk merkelappane «pre-konvensjonell», «konvensjonell» og «post-konvensjonell» moral. Men i fullt samsvar med teorien om kognitiv utvikling prøvde Kohlberg å vise at dei ulike typane av moralsk tenking ikkje kunne plasserast i tilfeldig rekkjefølgje. Dei er ikkje likeverdige argumentasjonsnivå som eksisterer side om side med kvarandre. Kjernen i Kohlbergs teori er hypotesen om at dei tre nivåa utgjer eit hierarki av såkalla stadier som vi passerer gjennom i ei heilt spesifikk rekkjefølgje. For å seie det enkelt: I moralsk forstand er nivå II betre enn nivå I, og nivå III er i sin tur betre enn nivå II.

Av nettopp denne grunn støyter Kohlbergs teori på motstand både frå høgre og venstre. Studiet av denne teorien får «tradisjonelle» samfunnsvitarar til å hente fram

Webers *verdfrie postulat* – vitskapleg objektivitet og etiske posisjonar kan ikkje sameinast. Vitskapleg praksis krev objektiv distanse til alle tenkjelege moralske argument, og ingen skal erklærast som det beste eller mest optimale.

Frå «progressive» samfunnsvitarar kunne ein vente seg standardreaksjonen at som stadie-teori opphøgar denne teorien det post-konvensjonelle resonnement til ei universell norm, og dette let seg ikkje sameine med den etiske relativisme som blir ansett som uomgjeengeleg etter resultat frå tverrkulturell forskning. For dersom ein kultur ser på hovudjakt og barnemord som dydar, mens ein annan kultur straffar slike gjerningar hardt, korleis er det da mogleg å dømme ulike verdssystem etter kultureuavhengige, universelle retningslinjer? Er ikkje dette eit tilfelle av kulturell neo-kolonialisme, der Vestens økonomiske hegemoni blir overført på det etiske området, og vestleg neo-kantiansk etikk blir erklært overlegen over alle andre (sub)kulturelle etiske system?

Ingen stadie-teoriar, anten det er innanfor kognitiv, normativ eller sosial teori, unngår å pådra seg slik kritikk. Det er heller ikkje underleg, når ein ser på det tydelege kravet om at tankegangen hos menneske som i prinsippet er både individuelt og (sub)kulturelt like, skal tilskrivast ulik verdi.

Men kva meiner vi meir presist med omgrepet stadie-teori, og kva empiriske og filosofiske bevis ligg til grunn for den? Stadie-teorien kviler på følgjande fire antakelsar:

- 1 Stadia eller nivåa blir gjennomgått i ei fast rekkjefølgje
- 2 Stadia er strukturelle heilskapar, det vil seie konsistente og ikkje spesifikke for einskildsituasjonar
- 3 Stadia inngår i ein sekvens som

prinsipielt er miljø- og kulturavhengig.

- 4 Stadia kan plasserast i ei hierarkisk rekkjefølgje, ikkje berre psykologisk, men også etisk (Kohlberg 1969).

Det finst ganske godt med bevis for den første antakelsen. Både tverrsnitts- og lengdesnittsundersøkingar viser at eldre barn oftare resonnerer på dei høgare nivåa enn yngre barn gjer. I løpet av utviklinga si går dei fleste barn seint, men sikkert i retning av ein post-konvensjonell moral. Regresjon i denne utviklinga førekjem nesten aldri. Men det som kan førekomme hos mange barn og unge, er ei form for for tidleg fiksering på eit noko lågare nivå av moralske vurderingar enn det post-konvensjonelle. Freistnader på å stimulere den moralske utviklinga med didaktiske metodar har også vist at barn går steg for steg fram i utvikling; dei hoppar aldri over meir enn eitt undernivå om gongen eller går tilbake i utviklinga.

Når det gjeld den andre antakelsen – stadia utgjer strukturelle heilskapar – er bevismaterialet mindre solid. Som også mine egne undersøkingar har vist (van IJendoorn 1980), er det ofte store forskjellar mellom ulike dilemma når det gjeld moralsk nivå. Dette kan peike mot eit visst samband mellom resonnementsnivå og personlege erfaringar med spesielle situasjonar. Det er mogleg at eit moralsk dilemma som handlar om ei dødssjuk kvinne, lettare kallar fram i tankane personlege erfaringar enn eit moralsk dilemma som dreiar seg om plikta til å halde det ein har lova, eller om dei kvite løgnene vi alle kjenner. Eit sterkare engasjement i det som dilemmaet dreiar seg om, kan derfor føre til meir avansert og velgjennomtenkt resonnement på eit høgare nivå.

Antakelsen om at moral utviklar

seg på ein måte som er den same over alt, har blitt undersøkt gjennom tverrkulturelle studiar på stader som Taiwan, Mexico og Tyrkia. I alle fall i utgangspunktet ser det ut til at det same mønsteret opptrer i ulike kulturar, men at det nivået som den moralske utviklinga faktisk når fram til, er lågare i ikkje-vestlege kulturar. I slike kulturar er det for eksempel knapt spor av post-konvensjonell moral. Slike resultat vil derfor berre eit stykke på veg støtte opp om den tredje antakelsen. Det er faktisk ikkje mogleg å bevise at post-konvensjonell moral blir nådd fram til i det heile i slike kulturar. Dermed ville det siste stadiet med andre ord ikkje vere universelt.

Dette er det same problemet som oppstår med antakelsen om at kognisjon universelt utviklar seg i retning av formal-operasjonell tenking, slik Piaget ved fleire høve påstod. Også i dette tilfellet finst det utilstrekkeleg med tverrkulturelle bevis. Men bevis for denne antakelsen blir henta særleg i viktige analysar til betre og betre løysingar på stadig meir kompliserte problem i samhandlinga mellom mennesket og omverda. Sett frå eit logisk synspunkt har konkrete operasjonar heilt enkelt eit meir avgrensa bruksområde enn formelle operasjonar. Ein kan påvise at på det konkret-operasjonelle nivå vil problema med å forstå visse naturfenomen, for eksempel oscillering, vere uløyslege, mens dei same problema formal-operasjonelt let seg løyse utan vansker. Det er med andre ord lettare å bevise det overlegne ved det høgaste kognitive stadium enn ved det høgaste moralske stadium.

Likevel prøver Kohlberg også å føre fram vesentlege argument for det moralske hierarkiet han føreset, og for at det post-konvensjonelle moralske stadium er det høgaste. Jo

høgare du kjem opp i hierarkiet, jo meir stabil er balansen mellom individet og det sosiale miljøet, eit resultat av nivået av moralsk resonnement. Dei høgare nivåa er i stand til å løyse fleire moralske problem meir fullstendig enn lågare nivå kan. Konvensjonell moralsk tenking kjem til ei grense når individ og grupper ikkje lenger kan identifisere seg med dei rådande lover. Innanfor nivået for konvensjonell tenking er grunnleggjande endringar i lovene eller i rådande verdisystem knapt gjennomførlege. Det finst ingen ytre kriterium som endringsforslag kan prøvast mot.

På den måten er det det post-konvensjonelle nivå som uunngåeleg innetek den høgaste posisjonen i moralens utviklingslogikk. I vårt velkjende dilemma med Heinz og den dødssjuke kona ville det på grunnlag av det rådande systemet av verdier og lover vere moralsk og juridisk gale å stele medisinen. Berre ved å gå utover eit systemperspektiv og i retning av ein universell etikk kan eit slik tilfelle gi oss nye perspektiv.

Eg tvilar likevel på om dette ville eliminere alle moralske problem og føre til ein idyllisk harmoni mellom det rasjonelle individet og det sosiale miljøet, slik Kohlberg antyd. Det moralske dilemmaet med Heinz og kona hans inneheld relativt lite informasjon, og gir derfor ikkje eit fullgyldig bilde av kor komplisert eit autentisk moralsk dilemma er. Alle slags utløparar av hovuddilemmaet, for eksempel slike som gjeld større sosiale strukturar, er ikkje tekne med, og inntrykket blir feilaktig.

I tilfellet med Heinz ville det for eksempel vere innlysande at ein måtte ta med i betraktninga helsevesenet i samfunnet, som tydelegvis gir privatpersonar lov til å håve inn store profittar på medisinar. Dersom

ein skal nå fram til ei verkeleg universell løysing, må slike forhold som lisensordningar for helsepersonale, skort på råmateriale til medisinen, sjukeforsikringsordningar osv. spele ei viss rolle i avgjerda, særleg på det høgaste moralske nivået. Stikk i strid med det Kohlberg hevdar, blir moralske problem meir komplekse, ikkje enklare å løyse etter kvart som perspektivet utvidar seg som resultat av ei moralsk utvikling. Det er ingen som helst teikn på den meir stabile balansen som er karakteristisk for moralske resonnement på høgare nivå, i alle fall ikkje frå synspunktet til individet, med sine individuelle erfaringar. Mens kognitiv utvikling kan gjere det enklare å forholde seg til omgivnadene, kan den moralske utviklinga faktisk føre til det motsette. På det mest ekstreme kan det til og med tenkjast at i eit pre-konvensjonelt eller konvensjonelt samfunn vil individ på post-konvensjonelle moralske nivå nettopp vere dei som risikerer å måtte bøte med livet for sine moralske avgjerder. Eit eksempel Kohlberg av og til viser til, er Martin Luther Kings skjebne.

Filosofiske betraktningar i samband med stadie-teorien

Med omsyn til den sentrale tesen i stadie-teorien er det mykje som forblir uklart, særleg det hierarkiske forholdet mellom dei ulike moralske nivåa. For om utsegna «Somme menneske har stoppa opp i utviklinga» skal ha noka meaning, må ein gå ut frå at hierarkiet eksisterer. Berre innanfor ramma av dette hierarkiet gir det meaning å snakke om avbroten utvikling. Elles ville vi ha å gjøre med ulike, men ekvivalente endepunkt for kvart individ. Det same gjeld for

antakelsen om at stadie-teorien gjeld uavhengig av den einskilte kultur. Berre dersom vi aksepterer den tidlegare nemnde utviklingslogikken som eit utgangspunkt, er det mogleg å seie at andre kulturar verkar hemmande og stengjer for moralsk utvikling på eit nærmare bestemt område, og med det meine fråvær av post-konvensjonell moral.

Eit ekstra problem er følgjande: Sjølv om alle i absolutt alle kulturar skulle nå fram til det post-konvensjonelle nivå, er det framleis tvilsamt, basert einast på dette faktum, i kva grad ein kan dra konklusjonar som gjeld den normative verdien av dette nivået. I så fall ville vi gjere oss skuldige i det som Hume kalla «den naturalistiske feilslutning» i snevraste forstand; vi ville slutte frå det som er, til det som bør vere, det vil seie å gjere det logisk uhaldbare spranget frå reint deskriptive premisser til normative konklusjonar.

Ein kan ikkje slutte at ein viss type moralsk resonnement er automatisk etisk overlegent einast på grunnlag av kvantitative data, nemleg at dei fleste eller kanskje til og med alle vaksne menneske anvender det. Det ville i så fall synast mogleg at det vi har kalla post-konvensjonell moral, kunne vere resultatet av noko vi måtte karakterisere som kollektiv moralsk regresjon. Sjølv om alle røyker meir, gjer ikkje det røyking nødvendigvis betre. Når vi skal dømme om «verdien» av røyking, vil ein ekstern faktor – i dette tilfellet ein teori om den optimale funksjonen til ein sunn organisme – vere det viktigaste kriteriet.

Teorien om moralsk utvikling kan heller ikkje basere sin sentrale antakelse om hierarkiet av og universaliteten ved stadia berre på empiriske data, den er i tillegg avhengig

av filosofiske argument. Ingen teoretisk struktur – ikkje eingong i naturvitskapane – kan reduserast fullstendig til såkalla «nakne fakta». I kvart einaste paradigme eller forskingsprogram spelar normer, verdier og metafysiske oppfatningar ei sentral rolle, som vi har sett av utviklinga i nyare vitskapsfilosofi (Kuhn, Lakatos).

Det finst empirisk baserte indikasjonar – men ingen vasstette bevis – for at stadie-teorien er korrekt. Desse indikasjonane kan supplerast med filosofiske betraktningar, og omvendt kan empiriske data gi støtte til desse filosofiske argumenta. Særleg rettferdsteorien til neo-kantianaren John Rawls (1971) utgjer ei viktig filosofisk underbygging for synet på post-konvensjonell moralsk tenking som høgarestående. Som vi har peika på tidlegare, er det viktigaste prosessuelle særtrekket ved post-konvensjonelle resonnement ein «ideell rolle-overtakande prosedyre», som gir korrekte moralske avgjerder. Denn framgangsmåten består i å setje seg sjølv i staden til kvar person som er involvert i eit moralsk problem, og tenkje seg inn i kva kvar einskild person ville ønskje når det gjeld løysinga på problemet. Dessutan må ein tenkje seg at ein ikkje veit kva part i konflikten ein sjølv hører til, og får den posisjonen avgjere kva ønske ein ville velje å støtte. Dei ønska som er igjen etter den silingsprosessen, fortener nemninga «universelle» og er derfor rettferdige.

Rawls anvender ein liknande prosedyre når han byggjer opp sin rettferdsteori. Han gjer det klart at frå dei prosessuelle prinsippa i ein post-konvensjonell moral kan det byggjast eit etisk system som utan tvil kan måle seg med eitkvart anna system. Etter det eg kan sjå, har det tett kon-

struerte systemet hans til no med glans stått mot kritikk (ei meir utførlig underbygging av denne tesen kan finnast hos Kohn 1982). Naturlegvis har dette også konsekvensar for Kohlbergs teori om moralsk utvikling, og særleg for hans påstand om at den hierarkiske ordninga av dei moralske stadia kan forsvarast mot eikvar form for etisk relativisme. Påstanden blir enda meir truverdiger dersom kjernen i den altså ser ut til å kunne danne grunnlag for eit av dei mest lovande moderne neo-kantianske etiske system. Omvendt er det ikkje lite støtte til eit etisk system dersom, ontogenetisk sett, individet kan tileigne seg innsikt i og eit positivt syn på systemets prosessuelle grunnlag, og anvende dette grunnlaget som det viktigaste kriteriet for moralske avgjerder, etter å ha passert gjennom visse preliminare stadium (sjå Kohlberg 1973).

Teorien om kognitiv utvikling og politisk medvit

Etter dette korte risset av teorien om kognitiv utvikling skal vi ta opp spørsmålet om det er grunn til å tru at det er nokon samanheng mellom nivået av moralsk vurderingsevne og politisk medvit. Dersom denne samanhengen kan sannsynleggjerast, burde det verke innlysande at ein kunne struktere det politiske medvitet ved delvis å bruke pedagogiske-didaktiske prinsipp som er utvikla og evaluerte for moralundervisning.

Særleg i USA har sju ulike forskingsprosjekt studert forholdet mellom variablar som kognisjon og moral på den eine sida og politisk holdning og/eller åtferd på den andre. Eg skal her kort drøfte nokre av dei, for å vise at det absolutt er av verdi å nærme seg spørsmålet om ein

didaktikk for undervisning i politiske emne frå eit kognitivt-utviklingsteoretisk synspunkt. Eg vil også vise at kognitive-utviklingsteoretiske variablar ikkje fullt ut fell saman med variablar som gjeld politisk medvit.

Haan m.fl. har for eksempel undersøkt nivået av moralsk vurderingsevne hos personar som er med i «Free Speech Movement» i USA. Dei oppdaga at storparten av dei politisk aktive studentane gjorde sine vurderingar på grunnlag av post- eller pre-konvensjonell moral, mens dei som stod på det konvensjonelle nivå (undernivå 3 og 4), var i eit klart mindretal (Fishkin m.fl. 1973). Ei anna undersøking av Haan m.fl. (1968) viste at respondentar med meir radikale politiske meiningar gjorde sine vurderingar på grunnlag av anten post- eller post-konvensjonell moral. Fontana og Noel (1973) merkte seg ein positiv samanheng mellom moralsk nivå og politisk aktivisme i ei undersøking blant universitetslærarar. Det same forholdet blei derimot ikkje funne blant studentane. I dette tilfellet verka det som at ei kritisk politisk holdning ikkje var relatert til ein prinsipielt basert moral. Men det viste seg at meir konservativt anlagde studentar for det mest gjorde sine resonnement på eit konvensjonelt nivå og sjeldan på det pre-konvensjonelle nivå.

Også Fishkin m.fl. (1973) fann ein høg positiv korrelasjon mellom politisk konservatisme og konvensjonell moral, og ein negativ korrelasjon mellom politisk konservatisme og ein prinsipielt basert moral. På den andre sida var pre-konvensjonelle deltakarar i undersøkinga oftare tilhengjarar av ein valdeleg radikalisme. Sullivan og Quarter (1972) har vist, med omsyn til hybride underkategoriar som er vanskelegare å klassifi-

sere, at moral har eit positivt lineært forhold til graden av progressivitet i politiske holdningar. Dobert og Nunner-Winkler (1975) har vist at ein prinsipielt basert moral oftare korrelerer med ei kritisk holdning til eksisterande sosiale forhold enn konvensjonell moral gjer. Kuhn m fl (1977) oppdaga at moral har ein positiv lineær korrelasjon til politisk holdning, og at korrelasjonen mellom kognisjon og politisk holdning er større enn mellom moral og politisk holdning.

Eisenberg-Berg (1979) fann ein positiv korrelasjon mellom graden av progressivitet og nivået av moralsk resonnement blant dei kvinnelege respondentane i si undersøking. Ein slik korrelasjon var ikkje å finne blant dei mannlege respondentane. Tsujimoto (1979) fann at personar på det konvensjonelle nivå oftare enn personar på pre- eller post-konvensjonelle nivå er tilbøyelege til å personifisere sosial urett, det vil seie å leggje skulda for politiske sosiale problem på einskild menneske.

Det må gjerast merksam på at i alle undersøkingane som er nemnde ovanfor, er særleg variabelen «politisk holdning» definert og/eller operasjonalisert på tvilsame måtar. Fishkin m fl hadde for eksempel operasjonalisert «politisk medvit» ved å bruke ein serie populære slagord, som «kill the pigs» eller «make love not war». Kuhn m fl innsvevra omgrepet «politisk holdning» til å gjelde holdningar til slike styresett som demokrati, oligarki osv, og stilte berre fire korte spørsmål om det. I ei undersøking eg sjølv har gjort blant elevar i Berlin, der eg brukte ei meir berettigta operasjonalisering av omgrepet «politisk holdning», syntest det fullt mogleg å påvise eit positivt lineært forhold mellom nivået av moralsk resonnement og progressivi-

teten i dei politiske holdningane. Derimot såg det ut til at det kognitive nivå viste ein signifikant mindre korrelasjon med politisk holdning (Van IJzendoorn 1979).

I ei nyleg undersøking fann eg at nivået av moralsk vurderingsevne relaterer seg til visse viktige politiske holdningar. Høg poengsum på ein test av moralske vurderingar (SR0M) indikerte større engasjement i spørsmålet om kjernefysisk krig og mindre etnosentriske idear om situasjonen for fremmedarbeidarar i landet vårt. Ein person som argumenterte på stadium III av moralsk vurdering, syntest å vere i stand til å sjå saka frå perspektivet til personar involvert i ein verkeleg atomkrig. Derfor var ikkje atomkrig lenger berre eit strategisk spørsmål som kunne omtalast med politiske slagord og klisjear. Tvert imot var atomkrig for personar på eit høgare nivå av moralsk vurdering ein mogleg personleg realitet, og irrasjonaliteten i den blei intuitivt fordømd.

Spørsmålet om etnosentrisme viste den same forskjellen alt etter om personen argumenterte på høgare eller på lågare nivå av moralsk vurdering. Ein person på nivå 2 er ikkje i stand til å sjå spørsmålet frå perspektivet til ein individuell fremmedarbeidar. Denne personen vil sjå på utlendingar som ei ganske truande gruppe, som ein kan bruke enkle ideologisk slagord om, og som, som individ, ikkje har dei same grunnleggjande menneskerettane som dei innfødde i landet. Utlendingar blir betrakta ikkje som individ med same rettar og plikter som alle andre menneske, men som ei gruppe som bør vere åtskild frå «innfødde» borgarar. Dei bør berre få lov til å bli i landet så lenge dei inngår i ei gjensidig utveksling av fordelar. Eit nivå av moralsk vurdering som tilhører

stadium III, ser ut til å gi rom for å sjå situasjonen frå perspektivet til einskildpersonar under trugande og stressfylte forhold, mens stadium II gir større rom for strategisk tenking og politiske slagord og stereotypar.

Dette impliserer at personar som argumenterer på eit pre-konvensjonelt nivå, er lettare påverkelege for antidemokratiske idear og rørsler enn personar som argumenterer på eit høgare moralsk vurderingsnivå. Men resultatane impliserer ikkje at personar på stadium III allereie er i stand til å analysere situasjonar frå eit sosialt system-perspektiv. Dei viste ikkje alltid tilstrekkelege kunnskapar om politiske fakta, og fordi om dei argumenterte på eit post-konvensjonelt nivå, greidde dei ikkje å anvende moralske prinsipp på komplekse politiske spørsmål. Likevel verka personar på høgare moralske vurderingsnivå meir avanserte i si tenking omkring minoritetsrettar og spørsmålet om kjernefysisk krig enn personar som argumenterte på eit pre-konvensjonelt nivå (Van IJzen-doorn 1988).

Når vi ser på samsvaret i resultatane av dei forskingsprosjekta som er nemnde her, og som har anvendt ekstremt ulike forskingsmetodar, kan det kort konkluderast med at særleg nivået av moralsk resonnement er viktig for det politiske medvit. Jo høgare moralsk utviklingsnivå, jo meir kritiske er holdningane hos dei unge mot sosial urett. Når det gjeld korrelasjon mellom kognitivt nivå og politisk holdning, er resultatane ikkje eintydige. Her trengst vidare forskning. Men den teoretiske utviklinga viser at i alle tilfelle er overgangen frå konkret-operasjonell til formal-operasjonell tenking vesentleg for eit meir velutvikla politisk medvit, som er i stand til å yte full rettferd til kompleksiteten i politiske og sosiale

problem (Adelson 1975, Crain og Crain 1974, Harten 1977, Habermas 1976, Merelman 1976, Van IJzen-doorn 1978).

Frå det føreliggjande forskingsmaterialet kan ein også dra den konklusjon at kognitive utviklingsvariablar – moral og kognisjon – aldri kan forklare meir enn ein del av variansen i variabelen «politisk holdning». Korrelasjonane varierer mellom .20 og .50 med nokre få unntak over og under. Det var med andre ord knapt nokon tilfelle der meir enn 25% av den totale variansen blei forklart av desse variablane. Politisk holdning kan derfor ikkje forklarast av desse faktoraneleine. Det synest som om emosjonelle faktorar også spelar ei viktig rolle, noko som kan forklare ein stor del av persepsjonen av politiske «fakta», og dermed indirekte bidra til utviklinga av ei politisk holdning.

Sarat (1975) fann for eksempel at «fryktnivået» (delvis ein determinant for nivået av sjølvtilitt) innverka på utviklinga av politisk tenking. I mi eiga Berlin-undersøking oppdaga eg at utviklinga av identitet, i Eriksons tyding av ordet, verka inn på politiske holdningane hos den ungdomsgruppa eg undersøkte (Van IJzen-doorn 1978). Merelman (1976) har hevda på teoretisk grunnlag at slike psykodynamiske faktorar som kjønnsrolleutvikling, «impulskontroll» og graden av emosjonell frigjering frå kjernefamilien (jf Döbert og Winkler 1975), saman med kognitive faktorar, fører til ein meir klart utforma politisk ideologi. Alt dette peikar på avgrensingane ved ei undervisning i politikk som baserer seg utelukkande på kognitiv utviklingsteori.

271

Moralundervisning og undervisning i politiske emne må integrerast

Sjølv om vi har vist ovanfor at slike variablar som moral og kognisjon forklarar ein del av variansen i politiske holdningar, er det framleis eit spørsmål om dei bør trekkjast inn i undervisninga i politiske emne. Reint bortsett frå det problemet at forskinga enno har igjen å vise om moralsk og kognitiv utvikling verkeleg er «kausale» faktorar, eller om dei skal betraktast som epifenomen eller kanskje til og med som resultat av eit særskilt nivå av det politiske medvit, kan ein utan vidare spørsmål stille seg skeptisk til om det er mogleg indirekte å stimulere utviklinga av politiske holdningar, det vil seie ved å påverke kovariantane. Det er faktisk mogleg at utviklinga av politisk medvit har sin eigen dynamikk, som berre kan stimulerast på heilt spesifikke måtar. Til no finst det ikkje tilgjengeleg empirisk grunnlag for å dra den konklusjon at politisk medvit utviklar seg gradvis gjennom ekvilibrium-samanbrot og danning av nytt ekvilibrium på nytt nivå (Piaget 1976). Det er med andre ord tvilsamt om politisk medvit høyrer til gruppa av kognitive-utviklingsmessige variablar som vi meir eller mindre veit korleis vi kan utvikle på dialektisk måte (Van IJzendoorn 1980). Det er for eksempel fullt mogleg å tenke seg at kognitiv-utviklingsmessige variablar korrelerer nokså sterkt med neglebiting eller tommelsutting, utan at dette nødvendigvis får oss til å betrakte ein slik korrelasjon som grunnlag for ein strategi med sikte på å påverke forandringar i åtferda.

På eit teoretisk nivå er det likevel støtte for tesen om kognitive-utviklingsmessige variablar er viktigare

når det gjeld politisk medvit enn når det gjeld neglebiting eller tommelsutting. Eg har ein annan stad levert ein fyldig argumentasjon for at formal-operasjonell tenking er ein nødvendig føresetnad for ei kritisk politisk holdning, i den forstand at vesentlege politiske mytar (for eksempel myten om like moglegheiter) lever vidare fordi mange menneske ikkje meistrar probabilistisk tenking. På same måte er det påvist at ein post-konvensjonell moral er eit nødvendig vilkår for å kunne øve grunnleggjande systemkritikk, basert på prinsipp som er relativt uavhengige av eitkvart system som tilfeldigvis er det rådande. Slike prinsipp tener altså som eit *tertium comparationis*, som ein relativt autonom standard. Moralske argument på undernivå 3 og 4 kan berre føre til inherent kritikk av systemet, fordi dysfunksjonar i systemet blir tilbakeførte til einskildindivid som fungerer som interferensfaktorer.

Det er kort sagt mogleg, i alle fall teoretisk, å sannsynleggjere at med omsyn til utviklinga av politisk medvit kan moral og kognisjon utgjere ein «grense-effekt». Fordi konkret-operasjonell og konvensjonell tenking så sterkt avgrensar kompleksiteten og breidda i ein politisk kritikk, kan slike tenkjemåtar hindre utviklinga av ei kritisk politisk holdning. Når føresetnadene for ei vedvarande politisk utvikling manglar, er det betre å konsentrere seg om å fjerne hindringane på det feltet før ein prøver å påverke politiske holdningar direkte. Dette er eit argument for ei undervisning som i utgangspunktet tek sikte på å stimulere den moralske og kognitive utviklinga. Slik stimulering kan skape dei vilkåra som skal til for at eit politisk medvit som elles raskt ville nå sine grenser, skal kunne utvikle seg vidare.

Forsking utført av Faust og Arbuthnot (1978) og Walker og Richards (1979) viser at ein slik «grenseffekt» absolutt ikkje er urealistisk å rekne med. Desse forskarane fastslo at moralundervisning mistar sin effektivitet så snart dei kognitive krava til høgare moralsk utviklinga ikkje er oppfylte. Faust og Arbuthnot oppdaga at dei som resonnererte på undernivå 3, ikkje var i stand til å få særleg mykje ut av ei moralundervisning. Dei som brukte konkret-operasjonell tenking, hadde knapt nytte av det ekstra undervisningsopplegget. På den andre sida hadde dei som resonnererte på eit formal-operasjonelt nivå, stort utbytte av moralundervisning. Denne gruppa kan derfor kallast «moralisk underpresterande», i den forstand at den moralske utviklinga deira ikkje nådde si «kognitive grense». Den same «grense-effekten» blei påvist av Walker og Richards, som gjekk inn for å stimulere den moralske utviklinga hos ei gruppe forsøksdeltakarar gjennom spesielle undervisningsopplegg. Deira konklusjon er: «Å bli eksponert for høgare nivå av moralisk resonnement fører ikkje til overgangar [til høgare nivå] med mindre dei kognitive føresetnadene er oppnådd» (side 102). Det synest klart at dersom moral og kognisjon står i same forhold til politisk medvit som kognisjon til moral (og «rolletaking» til kognisjon), kan ein liknande «grense-effekt» ventast når det gjeld undervisning i politiske emne. Det er delvis på grunn av denne «grense-effekten» at slik undervisning vil måtte inkorporere stimulering av kognitiv og moralisk utvikling.

Konklusjon

Innanfor ei ramme av teorien om kognitiv utvikling har mykje forskning vore gjort omkring didaktiske metodar som kan fremje den kognitive og moralske utviklinga (for eksempel Wassermann 1978, Langer 1979, Hersch m.fl. 1979). Ein annan stad har eg oppsummert eit generelt opplegg for korleis ein kan stimulere den kognitive og moralske utviklinga slik:

- Gi mest mogleg høve til samarbeid, særleg mellom barn på same alder.
- Stimuler høvet til konstruktive aktiviteter av non-verbal eller verbal art, alt etter alderen i målgruppa.
- Auk talet på kognitive og moralske konflikterfaringar i ein angstreduserande gruppeatmosfære.
- Optimaliser skolens demokratiske struktur, slik at den «skjulte læreplanen» gir rom for erfaringar med høgare moralske strukturar i staden for lågare (Van IJzendoorn 1980).

I lys av det som er presentert ovanfor, bør desse prinsippa på ein eller annan måte inkorporerast i læreplanen for undervisninga i politiske emne. Konklusjonen blir at slik undervisning vil måtte ha for auga dei kognitive og moralske føresetnadene for ei kritisk politisk holdning.

Det vil være klart for alle som har førstehanderfaring frå undervisning, at når denne teorien skal setjast ut i praksis, vil det oppstå nokså mange problem. Eg vil gjerne nemne to. Det første gjeld korleis undervisninga skal møte kravet om at elevane bør få praktisk erfaring i å løyse dagleglivets moralske og særleg politiske problem, utan at det går ut over skolens eller lærarens kompetanse. I eit parlamentarisk demokrati er det merkbart færre høve til intens aktiv deltaking i politiske hendingar, sær-

leg for unge menneske, enn det er til aktiv eksperimentering med den fysiske verda og fysiske objekt («kognitive aktivitetar») eller til å gjere praktiske erfaringar med individuelle konfliktar (moraliske aktivitetar). Dette er sannsynlegvis ein av grunnane til det eksisterande «politiske declage» (Padioleau 1976), det vil seie gapet mellom det politiske medvit som krevst i vårt samfunn, og det som folk faktisk utviklar.

Det andre problemet gjeld dei krava som blir stilte til læraren. Holtmann (1982) har ganske riktig peika på at lærarane står i fare for å bli dei som kjem dårlegast ut, stilt overfor teoriar som for eksempel stiller for store krav til at dei skal kunne vurdere elevanes nivå av moralsk tenking innan eit kort tidsrom. Enda meir vesentleg er eit beslekta problem, nemleg at læraren blir oppfordra til å eksponere det «umoraliske» ved eit skolesystem, dvs den skjulte læreplanen, som han eller ho sjølv er ein representant for og må halde fram å arbeide innanfor. Sett frå elevens synspunkt må læraren dermed spele den frustrerande rolla som både eksponent for og kritikar av skolens (og dermed samfunnets) «dobbelmoral».

Desse to problema ved integrering av moralundervisning og undervisning i politiske emne tvingar oss til å sjå nærmare på kva krav eit kognitivt-utviklingsmessig syn på undervisning i politikk stiller. Umiddelbart anvendelege undervisningsmetodar er ikkje tilgjengelege, og kan berre utviklast gjennom omhyggeleg og tidkrevjande pedagogisk forskning, som den Kohlberg har utført blant lærarar og elevar (Kohlberg m fl 1978). På grunn av «grense-effekten» som gjer at elevanes kognitive og moralske utvikling set grenser for effektiviteten av undervisninga i

politiske emne, er slike didaktiske eksperiment, trass i alle problem, avgjerande viktige for både teori og praksis når det gjeld slik undervisning, det vil seie for ei undervisning som har som mål å gi innsikt i menneskerettane som grunnleggjande moralske og politiske verdiar.

Notar

- 1 Denne artikkelen kviler på ein tidlegare *Moral and political education. A case for integration*, offentliggjord i *International Journal of Political Education*, 1983(6), s 25–41.
- 2 Vi må vere varsame med å dra den konklusjon at den moralske utviklinga i ikkje-vestlege kulturar når fram til eit lågare nivå. Det er mogleg at midla til å måle slik moralsk utvikling ikkje er så «kulturfrne» som dei må vere om dei skal kunne anvendast i tverrkulturell forskning.

Litteratur

- Adelson, J. The development of ideology in adolescence. I Dragastin, S E og G H Elder (red.) *Adolescence in the life cycle: psychological context* (s 63,78). Washington 1975.
- Cohn, T. Social justice and social/political education: a theoretical exploration. Paper prepared for the Research committee on Political Education Session of the International Political Science association XIIth World Congress, Rio de Janeiro, Brasil, 9–14 august 1982.
- Crain, W C og Crain, E F. The growth of political ideas and their expression among young activists. *Journal of Youth and Adolescence*, s 105–127 1974.
- Dobert, R og Nunner-Winkler, G. *Adoleszenzkrise und Identitätsbildung. Psychische und soziale Aspekte des Jugendalters in modernen Gesellschaften*. Frankfurt am Main 1975.
- Eisenberg-Berg, N. Relationship of prosocial moral reasoning to altruism, political liberalism and intelligence. *Developmental Psychology* 15, s 87–89, 1979.
- Faust, D og Arbuthnot, J. Relationship

- between moral and Piagetian reasoning and the effectiveness of moral education *Developmental Psychology*, 14, s 435-436 1978
- Fellsches, J *Moralische Erziehung als politische Bildung* Heidelberg 1977
- Fishkin, J m fl Moral reasoning and political ideology *Journal of Personality and social Psychology*, 27, s 419-429 1973
- Fontana, A F og Noel, B Moral reasoning in the university *Journal of Personality and social Psychology*, 27, s 109-119 1973
- Goossens, F A og Van IJzendoorn, M H Een Duitser in Amerika Een kritische analyse van het wetenschapstheoretische en methodologische werk van Klaus F Riegel *Psychologie en Maatschappij*, 12, s 384-409 1980
- Haan, N m fl Moral reasoning of young adults Political-social behavior, family background and personality correlates *Journal of personality and social Psychology*, 10, s 183-201 1968
- Habermas, J Zur Rekonstruktion des Historischen Materialismus Frankfurt am Main 1976
- Harten, H C *Kognitive Sozialisation und politische Erkenntnis Piagets Entwicklungspsychologie als Grundlage einer Theorie der politischen Bildung* Weinheim, Basel 1977
- Heidbrink, M *Kognitive Voraussetzungen politischen Lernens Theoretische Grundlagen und Messmethoden* (Feoll Arbeitspapier) Paperborn 1979
- Henry, J *Essays on education* Harmondsworth 1971
- Hersch, R H, Paolitto, D P og Reimer, J *Promoting moral growth From Piaget to Kohlberg* New York, London 1979
- Hintjes, J J og Spiecker, B Kohlbergs theorie van de morele opvoeding analyse en kritiek *Pedagogische Studien*, 55, s 43 56 1978
- Hintjes, J J og Spiecker, B Van Spoetnik tot Watergate *Pedagogische Studien*, 56, s 88-90 1979
- Holtmann, A Lawrence Kohlbergs «Stufen des moralischen Urteilens» ihre Berücksichtigung in der Didaktik der politischen Bildung I W Hagemann, H Heidbrink og M M Schneider *Kognition und Moralität in politischen Lernprozessen* Paperborn 1982
- Kant, I *Grundlegung zur Metaphysik der Sitten* Suttgart 1969
- Kohlberg, L Stage and sequence the cognitive-developmental approach to socialization I D Goslin (red) *Handbook of socialization theory and research* New York 1969
- Kohlberg, L The claim to moral adequacy of the highest stage of moral judgement *Journal of Philosophy*, 18, s 630-646 1973
- Kohlberg, L m fl *Moral stage scoring manual* (upubl man) Harward Univ Cambrigde 1976
- Kohlberg, L, Wassermann, E og Richardson, R Die Gerechte Schul-Kooperative Ihre Theorie und das Experiment der Cambridge Cluster School I G Portele (Hrsg) *Sozialisation und Moral Neuere Ansätze zur moralischen Entwicklung und Erziehung*, s 214-260 Weinheim, Basel 1978
- Kuhn, D m fl The development of formal operations in logical and moral judgement *Genetic Psychology Monographs*, 95, s 97-188 1977
- Langer, J Disequilibrium as a source of development I P H Mussen m fl (red) *New directions in developmental psychology* New York 1969
- Langeveld, W *Vorming tot participatie Een handboek voor de politieke vorming van 13- tot 15-jarigen* Groningen 1975
- Lickona, Th Watergate und die moralische Wende in den amerikanischen Schulen *Die Deutsche Schule*, 71, s 506-522 1979
- Lockwood, A L The effects of values clarification and moral development curricula on school-age subjects A critical review of recent research *Review of educational Research*, 48, s 325-364 1978
- Merelman, R M *Political reasoning in adolescence some bridging themes* Beverly Hills, London Sage professional papers in American politics 1976
- Padiou, J G La formation de la pensée politique développement longitudinal et déterminants socioculturels *Revue française Sociologique*, 17 1976

- Piaget, J *Das moralische Urteil beim Kinde* Suhrkamp, Frankfurt am Main 1934
- Piaget, J *A structural foundation for tomorrow's education* Unesco Quarterly Review of Education, 1973
- Piaget, J *Die Quilibration der kognitiven Strukturen*, Stuttgart 1976
- Rawls, J *A theory of justice* Harward Univ Press, Cambridge, Mass 1971
- Sarat, A Reasoning in politics the social, political and psychological bases of principled thought *American Journal of Political Science*, 19, s 247-259 1975
- Sullivan, E og Quarter, J Psychological correlates of certain postconventional moral types a perspective on hybrid types *Journal of Personality*, 40, s 149-161 1972
- Tsujimoto, R N Kohlberg's moral judgment stages perceptions of injustice *Journal of Psychology*, 104, s 79-82 1979
- Van IJzendoorn, M H *Moralitat, Kognition und politisches Bewusstsein, eine theoretische und empirische Untersuchung über einige kognitiv-entwicklungstheoretische Korrelate des politischen Bewusstseins von Adolezenten als Prolegomenon einer psychologischen Didaktik der politischen Bildung* (Diss F U Berlin) Berlin 1978
- Van IJzendoorn, M H *Moralitat, Kognition und politisches Bewusstsein* *Zeitschrift für Pädagogik*, 25, s 547-567 1979
- Van IJzendoorn, M H *Moralitat und politisches Bewusstsein Eine Untersuchung zur politischen Sozialisation* Weinheim, Basel 1980
- Walker, L J og Richards, B S Stimulating transitions in moral reasoning as a function of stage of cognitive development *Developmental Psychology*, 15, s 95-103 1979
- Wassermann, E R Implementing Kohlberg's «Just Community concept» in an alternative High School I P Scharf (red) *Readings in moral education*, s 164-174 Minneapolis 1978